

Kyrkjeblad for Vestre Slidre



Fotograf Marit Skredegård, Gol

Årets konfirmanter i Vestre Slidre


1. rad. fra venstre: Gurid Røn, Victoria Reien Frestad, Eva Berge, Leah Antonsen Røn, prest Berit Kristin Klevmoen, Anne Marthe Færden Wangensten, Kaisa Nybråten Berg, Eline Sundheim

2. rad fra venstre: Signe Marie Myrheim, Adrian Kvale, Ine Valentina Wikerholmen, Eimund Lennart Svanheld - Busse, Marta Monsen, Simen Thon, Thorstein Hamre Sjøenden, Nils Åsmund Dokken Unhjem

3. rad fra venstre: Pelle Johan Lubke, Audun Garvik, Sondre Teigen Oldre, Gabriel Krossøy - Gullhaug, Viljar Leonard Svanheld - Busse, Steffen Berget Håkerud, Trym Hovi Berge

4. rad fra venstre: Arne Alexander Brenden Tjernslien, Simen Feuerherrn Myrvang, Sindre Skaran Tveit, Ulrik Sørum Hambro

Ikke til stede: Mai Hålien



Vikarpresten fra Bærum


Hei, jeg heter Trygve Rø og skal fram til 1. august neste år være vikar for sokneprest Berit Kristin. Det blir et spennende og utfordrende avbrekk fra prestetjeneste i Høvik menighet i Bærum, der jeg har arbeidet i over 10 år. Jeg ser fram til å møte dere i vakre Vestre Slidre, – i glede og sorg, i helg og hverdag, midt i livet med sine gleder og sorger, utfordringer og usikkerhet, i troen på at alt og alle er omgitt av det mysterium som heter Gud og Guds kjærlighet avslørt i Jesus Kristus.

Litt om meg selv: Jeg lar meg lett inspirere, er glad i natur og friluftsliv sommer som vinter, er pilegrimsvandrer, – god til å lytte og trives svært godt med alle de ulike oppgavene jeg som prest møter.

Jeg er født i Tromsø for over 60 år siden. Oslogett fra 1965, studerte teologi og filosofi i Oslo etter et studieår i USA. I studietiden var jeg ett spennende og svært utfordrende år i India i et religionsdialogprosjekt. Tilbake i Oslo ble det arbeid i Emmaus, et dialogarbeid i møte med alternativ religiøsitet og lærerjobb på Rønningen folkehøgskole i Oslo. Så fulgte mange år som lærer og rektor på Rønning.

Jeg er gift med Gunnel fra Askersund i Sverige og i 7 år bodde vi på en bil-løs øy i skjærgården nord for Göteborg der jeg var skjærgårdsprest i Svenska Kyrkan, før familien flyttet til Bærum og Høvik i 2012.

I mange, mange år var Hedalsfjellene og Vassfaret i Sør-Aurdal, med hytte på Govatn, mitt og familiens ferieeldorado. Jeg ser også tilbake på gode



minner fra høyonna i solsteken på bratte jorder på en av gårdene i Hedalen, – skikkelig dugnad for byfolk og kjære bygdefolk. Nå, mange år senere kommer jeg til tilbake til Valdres og til dere i Vestre Slidre, der for øvrig også min bestefar på 1930-tallet var distriktslege...

Jeg gleder meg!

Å vinke farvel – gjer at hjartet stoppar ein augneblink

Livet byr opp til dans.
Livet byr på farvel.
– og livet byr på velkommen!
Endring krev oss.

Og eg tenkjer ofte at: «Den som ikkje elskar, har lite å miste».

Derfor er eg glad for at relasjonar gjer noko med oss. Eit møte blir til. Det er saman vi kan rope ut – som Gabrielle syng i filmen *Så som i himmelen*: «Jag vill känna att jag lever. All den tid jag har....»

Lat oss fortsette å leve med opne hender – slik livet

er. Opne hender som kan ta imot og gi – og halde unna dei lukka hendene der det ikkje er plass til mykje.

For, ikkje noko kan eg samanlikne med det å bli møtt. Det å bli sett. Det å kjenne at andre kan bære når ein sjølv ikkje kan bære.

Alt dette fann eg i Vestre Slidre. I kyrkjeromma. På fjellet. I folka, i dykk! Eg lever i trua på at Gud omgjev oss på alle sider, ser oss, møter oss. Vinker oss velkommen. Alltid. Når farvel kjem, tek han oss i handa og leier oss fram, ut av det kjende og inn i det ukjende.

Så eg ber for oss alle der vi er med salmen i NoS nr 452 av Helge Stangnes

*Du som styre straum og vind
utom øy og odda,
styr du strauman i mitt sinn,
så eg rette kursen finn
gjonna natt og skodda.*

*Peik ut leia på mitt draft
når det bryt om grunnan.
Lån meg fliken av di kraft,
hold di hand om skaut og skaft
så eg berges unna.*

*Du som ser mi veike tru,
veit kor tidt eg tvile,
gje meg svaret på om du
e den hjelpar som kan snu
angst og ank til kvile.*

*Still så stormen om min stamn,
du som veit mitt beste.
Los meg mellom fallen fram
til eg i di trygge hamn
finn mitt ankerfeste.*

Eg er takksam for at eg kjende hjarte stoppe ein augneblink der i mose og lyng på Solefall-konsert på Jaslangen då Mari Boine song og joika *Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderom. Der samles mine tanker...*

Då kjende eg at no vinkar eg farvel til Vestre-Slidre

for ei stund – og joiken vart samstundes eit velkommen til nord.

Ynskjer dykk nye dansar no. Nye velkommen. Nye farvel med opne hender i tillitt til Guds velsigning og nåde.

Helsing Berit Kristin Klevmoen

Mariaplanter – medisin og myter

I samband *Maria Himmelfartsdag*, den 15. august vart det i mellomalderen stifta ein eigen «urtefest». Nutteplanter og urter, særleg dei som gav helsebot, vart borne inn i kyrkjene for å bli velsigna. Gjennom innsamling av segner, legender og soger har ein greidd å ta vare på små delar av kunnskapen som låg i denne folketradisjonen, så vidt nok til å få ei aning om kor mykje vi har misst.



Alle tykte så vel om jomfru Maria. Ingen har fått så mange blomar kalla oppatt etter seg som ho. Namna skriv seg frå den gongen ho vandra på jorda, og som fortel korleis blomane hjelpte henne. Desse plantene skulle ha magisk kraft; dei kunne lækje ulike slag sjukdomar, og dei verna mot trollskap og annan styggedom.

Her kan ein dra liner heilt attende til førkristen tid, då dei norrøne gudinnene skulle ta hand om vekstene på jorda. Plantekunnskapen var godt kjent mellom folk flest den gongen og. Nokon kunne meir enn andre og vart til

«*KLOKE KONER*». Dei sanka saman eit nøye utval av det som fanst ute i naturen, kokte i hop lækjande grautar og trylla fram svevndyssande drykkar, som kurerte både sott og sår.

I fyrste rekke var det frå Frøya og Frigg jomfru Maria tok over arven. Å gje plantene nye namn var og ein måte å markere den nye trua på.

Etter kvart vart denne kunnskapen dyrka vidare i *klosterhagane*.



MARIKÅPE meiner ein tid - legare var knytt til Frøya. Ein gong då Maria var ungjente, hadde ho fått ein ny og fin kjole og stod inne og prøvde om han høvde. Medan ho drog kjolen på seg, vart ho var at sauene hadde kome seg inn på enga og trødde ned slåtte - graset. Maria for ut for å jaga

dei bort, men i det same kom det ei stri regnskur. Kjolen vart gjennombløytt på ein augneblink og Maria heilt på gråten. Då høyrdet ho med eitt ei sped, lita røyst attom seg. som sa:

– *Kjære Maria, skund deg og ta meg som kåpa di!*

Ho snudde seg, og der stod den vesle Marikåpeblomen og baud fram blada sine som slengkappe (dei liknar slengkappe når dei vert snudde med stilken opp).

Maria vart så glad og takksam, og lova marikåpa som løn at ho kvar morgen skulle få ein kosteleg og krystallklar doggdrope i bladet sitt.

Frå den dagen kunne ein samle «dogg» frå marikåpa. Rein dogg er det ikkje, men ei væske planta sjølv skil ut. Desse dropane kunne lækje sår og därlege augo, var fabelaktige å vaske seg i andletet med, for då vart huda strålande vakker. Dessutan er det sagt at dei gjorde jarn om til gull!

Dette opptok dei sleipe

ALKYMISTANE – *gullmakarane* – sterkt. Dei prøvde på å jukse fram eit falskt produkt i von om å vinne gjetord og ære, men lukkast aldri. Slike narrestrek ville jomfru Maria ikkje vite noko av.



MARIA GULLSKO heiter så etter at Maria la på sprang då ho høyrdet eit lite barn gråte så sårt der nede på jorda. Det bar av stad så fort at ho miste skorne og skrubba føtene sine på spisse steinar og kvassne kvistar. Det ansa ho ikkje, men barnet fann ho, og rikeleg med trøyst fekk det. I fotefara hennar grodde det opp fullt av små, strålande gule blomar – kvar og ein av dei på skap som ein liten sko.

Dette ergra djevelen så inst inni der han skulle hatt sjela si at han nesten sprakk Øydeleggje plantene kunne han ikkje, men han la sin eigen lort på dei, slik at dei visstnok luktar ille den dag i dag. Giftige vart dei og, med eit blåsyrehaldig stoff. Dette gjorde til at dei i folkemedisinien fekk ry for å løyse opp krampar, virke roande og hjelpe mot svevnlyse – og utanom det effektive på infiserte sår.



MARIA NYKKELEBAND. Som alle skikkelege husfruer hadde og Maria eigne nyklar; berre at desse var av det puraste gull og kunne opne portane til himmelriket. Det var difor ikkje småtteri ho sat med i fanget ein vakker soldag ute i det grøne. Sysakene sine hadde ho lagt på bakken attmed seg. Då ho skulle bøye



seg ned og ta fram saksa si, kom det ei frekk svale flygande og for av garde, både med den og eit raudt silkenyste. Maria skvatt opp så brått at nyklane ramla ned på jorda. Heldigvis såg ei snarrådig lerke dette. Ho flaug ned og henta dei opp att til Maria. På bakken, der nyklane hadde lege, vokste det opp ein blome som likna eit nykkelknippe.



Maria nykkelbandplanta var eit vidunderleg universalbotemiddel. Ho kunne opne det meste som var gått i vranglås; dører, tronge fødslar, sjølvaste perleporten, trollberget med skattar, vilddyret sin gapande kjeft og elskande par sine hjarto. Sjølv sagt lækte ho mange slags sjukdomar som migrene, epilepsi, gikt og skjørbusk. Særleg lindrande var ho for kvinneplager.

Te kokt av blada vart ein framifrå elskovsdrikk.

Langt ut på 1800-talet plukka unge, svenske menn marianykkelband når dei drog på friarferd og sa som så:

– Snille jomfru Maria med dine nyklar små,
– lås opp hjartet til kjærasten min nå!

Korleis det gjekk med svala? Ho fekk straffa si og flyg framleis rundt med raudflekk i strupa etter silkenystet og saksa som stjert – for det ho stal, fann ingen att.

GULMAUREN – jomfru Marias sengehalm – luktar sterkt og vart lagt i sengehalmen mot lopper og lus, skrømt og trollpakk – og i vogga, så ikkje trollkjeringsar skulle ta den nyfødde med seg og leggje att ein byting.

SOLDogg – jomfru Marias tåregras – har slimdropar på blada som skulle hjelpe mot alt vondt, mellom anna vorter og liktær.

MARIMJELLE var godt beitegras som gav mykje mjølk og gult smør, og MARIGRAS verna mot trolldom.



MARIHØNA – eller Maria fly-fly er inga plante, men ber namnet sitt med rette. Dei raude vengene skal vera symbolet på Maria si kappe, og dei sju prikkane står for dei sju sorgene hennar.

Marihøna har ordet på seg

for å vera sendt frå Gud for å verne om kornet.

Ein gong såg bøndene at det kom så mange bladlus i åkrane at dei bad til jomfru Maria om hjelp. Då dukka

Marihøna opp og knaska i seg bladlus med god appetitt. Åkeren fekk etterpå stå i fred til kornet fekk den gyllengule fargen, og avlinga vart berga.

Som ungar har vi vel prøvd å ha ei marihøne på fingeren, sagt «Maria fly fly» og sett henne flyge i veg...



PRESTEKRAGEN. Som vi har sett har folk gjort seg god nytte av plantene si lækjande kraft, men ikkje nok med det; dei vart brukte til spådomar og. Mesteparten har nok hamna i gløyeboka, men nokre er framleis i bruk, sjølv om dei no vert sett på som barneregler. Mange av oss har vel i barndomen sete og plukka prestekragen snau, for å finne ut kva siste kronbladet kunne fortelja – elskar eller elskar ikkje.

Ei av reglene vi brukte var denne: *Prest, prost, enkemann, ungkar, fattigmann, stakkar.*

I same duren gjekk fleire ramser som sa noko om kven ein skulle gifte seg med, men prest, prost osb høver godt til blomen som har fått namnet sitt etter den klassiske pipekragan prestane tok i bruk frå 1700-talet.

Overtru er og knytt til prestekragan: Ei legende fortel at Gud gjorde døde barn sine sjeler om til prestekragar og spreidde desse vakre blomane ut over heile jorda for å trøyste syrgjande foreldre.



BLÅKLOKKA ELLER JOMFRU MARIAS FINGERBØL. Maria sat ofte ute og sydde i lag med mor si. Ein dag stakk ho seg til blods i fingeren med synåla.

– Du lyt vera meir varsam, sa mora, – vent litt. så skal eg hente litt grorsalve til deg og smørja på såret!

– Det treng du ikkje, kjære mor mi, sa Maria – for eg har sett ei blåklokke på fingeren min – og sjå kor fint eit fingerbøl ho er! Med denne vil eg ikkje skade meg meir!

Ho vart sitande tankefull og sjå på blåklokka. Så sa ho:

– Du skal ikkje berre vera fingerbølet mitt. Du skal og kalle til messe i naturen sine eigne katedralar når gjetarane må vakte buskapen i helgene.

– Og frå tårna i alle kyrkjene skal du kime til høgtid og samle folk til gudsteneste.

Slik vil det vera når vinden voggar dei granne stilkane til blåklokka. Då lyer alle blomane etter fottrinna til Himmel-dronninga, for når blåklokka voggar i milde sommarvindar vandrar på nytt Maria over blomsterstrøydder engar og signar alle blomane (etter Eiliv Grue: Jomfru Mariabloomar 2007).

Sigrun Sørensen

Nytt bårehus og ny kyrkjestogo i Slidre – ein lang prosess som får eit godt utfall

I mai 2003 er det dugnad ved Slidredomen. Margit Bratvold og Knut Lahaug blir snakkande om bårehus. Jonsokaftan reiser Knut til Åge Hovengen og får hjelp til å setja opp eit legat: Ei testamentarisk gavé til kyrkjestogo og bårehus i Slidre. Det var bygd kyrkjestogo og bårehus i Røn på 1980-talet, det var noko slikt Knut hadde i tankane. Knut Lahaug (1922 – 2008) hadde vore i USA i mange år og tent ein del pengar gjennom arbeid som snikkar der.

Stiftinga var på ein million kroner, og det første styret for stiftinga var samansett av Åge Hovengen, Olav Bråten, Oddrun Kvernegg, Ola Hjelle og Margit Bratvold.

Knut Lahaug kjøpte tømmer som vart saga på ringestadsaga, Olav Bråten, Per Odd Moe og Gudbrand Skjel var med som bakhenn og sjauarar.

Knut Lahaug hadde tenkt på taktekking også, og Knut, Eivind Lahaug, Per Odd Moe og Margit Bratvold tok skiferstein av eit låvetak på midtre Hande. Denne steinen er no sold, og pengane gjekk inn i legatet.

OVF, opplysningsvesenets fond, meinte at huset kunne ligge i stupuldalen sør for stupulen, dette meinte styret var bakvendt. I og med at Slidredomen og stupulhaugen er freda, er det strenge krav om tilpassing til alt som skal byggjast, og tomteforslaget vart avvist av riksantikvaren. Ny tomt 40 meter frå gjerdet til forpaktarbustaden i prestegarden var neste forslag, og Ola Hjelle teikna eit forslag til korleis kyrkjestogo kunne sjå ut. Denne tomta vart borte i gang- og sykkelveg.

Riksantikvaren har hovudsvar for alt som har med Slidredomen å gjera, og i 2020 var det nødvendig med nytt overslingsanlegg. Det kravde nytt teknisk rom i/ved bårehuset, og slik kunne kommunen gå inn med midlar til nytt hus – dersom ein også kunne bruke pengane frå stiftinga. Stiftingsstilsynet i Noreg må godkjenne at legatpengar blir overførte til kommunen, dette gjekk i orden, og i januar 2021 vart det vedteke å bygge kyrkjestogo og bårehus.

Fra 2003 til 2021 hadde legatet vokse til 1,8 millionar kroner. Det har kome inn pengar ved td gravferder, Rotary gav 10000 kr til inventar, Åge Hovengen gav ei industrioppvaskmaskin som vart sold for 5000 kroner. Desse



pengane vart også øyremerk til inventar, saman med pengane frå Rotary har summen tilsaman vokse til 18000 kroner. Styret i stiftinga skipa til utlodning der det kom inn 20000 kroner, Knut Lahaug gav måleri som no blir hengde opp. Alterteppet til bårehuset er vove av Marit Anny Løken Tvene, kjøpt og gjeve av Inga Holden og syskena hennar, det kjem no på plass.

Eg møter Margit Bratvold på stolen hennar på Grønnsenn, ho har hatt mykje arbeid med stiftinga og har vore med heile den lange vegen.

Det har vore mange opplevelingar, seier ho, og det har vore som å gå i motvind. Det mest vemodige er å tenkje på alle dei som la ned tid og krefter i dette prosjektet og som ikkje er her lenger. Dei fekk ingen takk.

Opninga av kyrkjestogo og bårehus i Slidre blir 11. september etter messa i Slidredomen. Kom ein tur, då vel...

Johanna Fuglesteg

Me treng framleis ein del utstyr og inventar til kyrkjestogo i Slidre. Gje ei gavé til kontonr. 2153 20 03528 eller vippes 109786.

Guide i Lomen stavkirke



Gudrun og Rolf Niemayer.

Dette er andre året jeg jobber som guide ved Lomen stavkirke. I fjor var jeg bare her en uke som vikarguide. Jeg fungerte også som vikarguide i Høre.

Lomen stavkirke er like interessant for meg som Øye og litt mer en Høre.

Her i stavkirken finner vi blant annet maskene/ansiktene på toppen av stavene som alltid overrasker de besøkende! Hva skal de bety? Er dette Jesu disipler? Nei, det er bare 10 masker og ikke 12! Aha, er de kanskje gamle vikinger? Ja, men veldig gamle, nemlig de gamle gudene som Odin, Freya, Loki, Tyr, Heimdall, Baldur, Bragi, Idun, Imir, Mimir osv. Hvorfor er de der opp? De skal beskytte kirken mot alt ondt som kommer fra himmelen.

Dette er bare et lite eksempel på hvor interessant stavkirken er. Selvfølgelig spør folk stadig om stavene fortsatt er originale?

Hvordan får en kar fra Tyskland jobben som guide i en stavkirke? Først jobbet min kone som guide i Øye stavkirke i 2018, jeg hjalp henne. I 2019 spurte Julia Helgesen fra



Lomen stavkirke.

turistkontoret i Fagernes om jeg kunne jobbe som guide i Høre.

Da jeg spurte Guro, (Guro Hovda, kyrkjeverje i Vang) fikk jeg vite, at det trengs ikke omviser for Høre, men for Lomen. Slik kom jeg i kontakt med Veslemøy Kvamme og jeg tok på meg oppgaven som guide i Lomen stavkirke. Jeg måtte selvfølgelig søke om skattekart på Skatteetat i Oslo og fikk da D-nummer.

Dessverre gjorde Corona alt umulig for 2020 og derfor måtte jeg i 2021 jobbe som vikar for guiden som var syk i noen dager. Jeg har allerede vist mange besøkende gjennom kirken og håper det kommer mange turister i neste år!

Den gode støtten fra Veslemøy og også fra eieren av gården, Lisa, hun lot meg parkere bilen min i carporten og sparte dermed den bratte stigningen fra parkeringsplassen til kirken hver gang som jeg jobbet.

Hjertelig takk for det.

Rolf Niemeyer

Befaring

Onsdag 8. juni var Vestre Slidre kyrkjelege fellesråd på si årlege befaring ved alle kyrkjene i bygda. Fellesrådet er takksame for det gode samarbeidet med kommunen og for alt vi får til saman.

Tekst og bilete:
Veslemøy Kvamme



Marianne og Johanna ved Øyjar kapell.



Nederst på kyrkjegården i Lomen ligg den nye gravplassen.

Messe på stavkyrkjetomta på Fystro

Eline og Øyvind Berge tok godt i mot oss i år også! Janne Sukke var prestevikar denne sundagen.



Erik Røn ringjer med syngebollen, Janne Sukke, Magnhild Skjel og Jovita Bodvtytene med bratsj er klare for gudsteneste.

Til venstre: Øyvind fortel om krossen som han laga av vatningsrør i aluminium. Han poppa dei saman i ein gjennomtenkt konstruksjon med fin symbolikk. Krossen er særmerkt og fell fint inn i landskapet.



Vestre Slidre historielag, ved leiar Ingebjørg Moe, sytte for kaker og kaffe etter gudstenesta.



Eline og Øyvind Berge.

Tekst og bilete: Johanna Fuglesteg

Dugnad ved Røn kyrkje 2. mai

Omlag 20 rønsbygdingar møtte på dugnad ved Røn kyrkje – då går arbeidet lett og fort.
Kaffe og kake vart det også!



God innsats.



God prat.



God teknikk med riva.

... og 3. mai ved Øyjar kapell



Å kvila på vegen gjev styrke i bein, og kan du so bør du det gjera.
(Aa. O. Vinje)



Ikkje planlagt, men tre soknerådsmedlemar hadde like sko til
dugnaden!

Olsok i Lomen stavkyrkje

Soknerådet i Lomen ber opp bord og benkjer og serverer rummegraut, saft, kaffe og kaker ved stavkyrkja, kvart år. Ei feststund! Messa var i år leia av prestevikar Torhild Larsen Nygård, ho opna med nydeleg song. Det var langeleikspel og nattverd, og kyrkjelyden stemde i så det ljoma, dei og!

Takk!

Tekst: Johanna Fuglesteg. Bilete: Gunhild Elverum



Høgt og fritt ligg Lomen Stavkyrkje innunder Lomisberget. Balsam for både lekam og sjel.



Margit Lyngstad og Gullik Stee og dei andre i Lomen sokneråd syrgjer for traktering og sjauing ved stavkyrkja. Rummegraut, kaffe og kaker stod på menyen, bord og gapahuk måtte berast på plass.

Gullkonfirmantar 2022



Frå venstre: Nils Moen, Stein Olav Tomter, Knut Kjøs Egge, Gudbrand Egge, Tor Robsahm Dahl, Arne Hamre, Kjellfrid Nettum f.Jacobsen, Torbjørn Høyme, Randi Berit Tveit Hande, Oddvar Brestad, Terje Tvenge, Anne Berit Strømmen Strand, Arnlaug Windingstad f. Bakken, Marit Karin Neste, prest Terje Eklund.

Pilegrimar i Slidre



Klare for avgang kl. 08.00. Eli Vatn nr 1 fra venstre, Anne Marit Noraker nr 4 fra venstre.

I mange år har det vore arrangert pilegrimsvandring frå Hedalen stavkyrkje til St Tomas-kyrkja på Filefjell. Kvart år kjem dei innom Slidre. Onsdag 29. juni kom pilegrimsfylgjet frå Furulund i Røn via Øyjar kapell og Mo kyrkjeruin, der dei fekk lappar og rumme av Liv Berge, til messe i Slidredomen ved prest Eli Vatn. Jahn Børø Jahnsen var med som kunnig guide på denne etappen.

Etter messa var det dekka til middag i kulturkafeen i Slidre, og Liv Berge, Toril Olvik og Anne Karin Ruud Truberg frå Slidre sokneråd stilte som vertskap. Middag og dessert var tinga frå sjukeheimen i Slidre,

vêret var godt og vatnet i Slidrefjorden varmt nok til bading.

Duka for suksess, med andre ord!

Pilegrimane overnatta i gymsalen på kulturhuset, neste morgen stilte dei same tre driftige damene frå Slidre sokneråd opp klokka 06.00 og ordna frokosten ferdig til klokka sju. Pilegrimane smurte seg niste og fekk fylt termosane, klokka åtte var heile fylgjet klare til ny etappe nordover Valdresdalen.

Tekst: Johanna Fuglesteg. Bilete: Anne Karin Ruud Truberg



Pilegrimsfrokost.



Innhaldsrikt frokostbord for svolten pilegrim. Toril og Liv i full sving bak disken.

Mo kyrkjeruin 24. juli



Berit Kristin Klevmoen leia si siste gudsteneste i Vestre Slidre i denne omgang. Strålende summarvêr, Nils Olav og Berit Kristin kom jublante til kyrkjes i båt. Syver Rolands-gard Hauge spelte kjenslevart og fint både før, etter og midt i gudstenesta. Dåpsfylgle fra Frankrike, der prest (og onkel) Geir Wiknes stod for dåpshandlinga, mykje folk, avslutningssalme med trommefyjgje, kyrkjekaffe med himmelsk gode bollar frå ein betre stad. Jau, då, Slidre sokneråd får det til!

**Tekst: Johanna Fuglesteg,
bilete: Berit Kristin Klevmoen**



6-årsboka delt ut i Vestre Slidre

Like sikkert som 6-åringane begynner på skulen, så deler kyrkja i Vestre Slidre ut 6-årsboka!

Fem flotte fyrsteklassingar var i Lomen kyrkje og fekk 6-årsboka!

Synne, Ingrid, Kari Marie, William og Mats var med og

gjekk i prosesjon inn i kyrkja, saman med dåpsfølgje, prest Trygve og trusopplærar Geir.

I messa fekk dei utdelt 6-årboka frå trusopplæraren, og dei blei intervjuva om første skuleveka og fekk høyre litt om det som står i boka, men først måtte vi synge bursdagsang til 6-åringen Ingrid som hadde dagen sin.

Tilslutt sang vi saman *Må din veg kome deg i møte*, med bevegelser.

Dåpsbarnet Kasper blei døypt i ei flott messe som vart leia av vikarprest Trygve Tyreid.

Tekst og bilete: Geir Kongslien

Gudsteneste på Vasetstolen 7. august

Bjørn Mathiesen har hytte på Knipeset og var vikarprest på Syndinstøga 3. juli og på Vasetstolen 7. august. Intime, små gudsteneter, enkle og fine stunder, god musikk, syngebolle som ringjer med ein sprø, singlande tone.



Nils Einar Ormestad til minne

Det var med stor sorg vi tok mot beskjeden om at Nils Einar var død. Han døydde brått av hjertesvikt 11.april. Nils Einar har vore tilsynshavar ved Lomen stavkyrkje gjennom mange år. Eit godt og varmt menneske, ein kjær og trufast kollega var brått ikkje blant oss meir. Vi trykker her kyrkjeverja sine minneord i gravferda den 26.april – orda seier så godt kven Nils Einar var.

Kjære Nils Einar

Å møte deg var alltid så hyggelig. Du var imøtekommende og hadde en ro og trygghet over deg. Du var glad. Du hadde en stor kjærlighet for stavkirka og viste den all omsorg – både gjennom jobben din og som nærmeste nabo. Jeg vet at stavkirka og området betydde så mye for deg – hele livet ditt har du levd her.


Det var aldri nei når jeg spurte deg om å låse opp kirka for noen, for å vise guider instrukser eller for å hjelpe meg om det var noe. En kjøretur fra Slidre når det var behov for det var aldri noe problem. Du ringte villig i de gamle kirkeklokkene i stupulen ved vielser og ved høytider – du gjorde det med stolthet.

Det var viktig for deg at det var orden ved kirka og at alterteppet kom på plass når vi hvert år åpnet kirka for sommersesongen. Du var nøyne og alltid opptatt av at stavkirka ble passet godt på og at den ble holdt ved like. Du viste stor respekt for kirkebygget og kunne din historie om kirka så godt. Jobben din som tilsynshaver utførte du bestandig med nøyaktighet og oppriktig engasjement. Det var en ufattelig og vond beskjed å få at du var død. At du ikke lenger svarer om jeg ringer og spør deg om noe. At jeg ikke vil møte deg når vi igjen åpner kirka for sommeren.


Jeg vil for alltid se deg for meg sittende på den varme steintrappa utenfor hovedinngangen en varm sommerdag. De brune tjærede veggene, markblomstene, nøkkelen til kirka, porten som trengte litt hjelp ved lukking. Det vil for alltid minne meg om deg.

I sommer, når vi åpner stavkirka for sesongen, vil jeg plante mark- og stemorsblomster i ei krukke ved porten inn til stavkirka – til minne om deg. Takk for at du var den du var, Nils Einar. Jeg vil aldri glemme deg.

Veslemøy Kvamme



Nils Einar med hunden Ella.



Nils Einar ved fjorden.

Bilete: Lisa Ormestad

KYRKJELEGE HANDLINGAR

April – august 2022

Jordfesta	Lomen sokn:	01.04.22 Ingebjørg Tennefoss 26.04.22 Nils Einar Ormestad 13.05.22 Eivind Hande 31.05.22 Ingrid Kristbjørg Kvissel 12.07.22 Arnfinn Kvam (budde i Vang i Valdres)	f. 1934 f. 1955 (Urne) f. 1941 (Urne) f. 1936 f. 1929
	Slidre sokn:	24.06.22 Ole Tuvmarken 19.07.22 Hjørdis Reishaugen (budde i Nord Aurdal) 28.07.22 Egil Rogn 02.08.22 Anne Marie Nordsveen 02.09.22 Jørgine Jarstadmarken	f. 1934 f. 1940 f. 1935 f. 1949 f. 1942
	Røn sokn:	07.04.22 Margit Solveig Nyhagen 13.04.22 Hilda Tuvmarken 02.06.22 Ola Dalen 23.06.22 Karin Søndrol 24.06.22 Erna Borgny Trøen 01.07.22 Anna Myrvang 06.07.22 Torgeir Lasskogen Rannveig Snorheim f. 1950, d. 08.12.21 (budde i Oslo) urnenedsettelse 06.05.22	f. 1936 f. 1934 f. 1937 (Øyjar) f. 1940 f. 1928 (Urne til Østre gravlund) f. 1931 (Øyjar) f. 1937
Døypte	Lomen sokn:	21.08.22 Kasper Gullhagen (bur i Nord Aurdal)	
	Røn sokn:	14.04.22 Falk Aaberg Brenna (bur i Oslo) døypt på Seksantens 01.05.22 Ellen Fosheim (bur i Oslo)	
	Slidre sokn:	17.04.22 Håkon Einang 17.04.22 Vilde Einang 18.04.22 Arne Alexander Brenden Tjernslien 15.05.22 Leah Anthonsen Røn 25.05.22 Pelle Johan Lübke 24.07.22 Lêoni Blin Wiknes (bur i Frankrike) døypt på Mo kyrkjeruin 28.08.22 Arja Haugrud	
Vigsla	Lomen sokn:	23.07.22 Eli Thomassen og Per Olav Eide (Lomen stavkyrkje)	
	Røn sokn:	30.04.22 Laila Dalen og Ola Jørgen Kaata Fauske 25.06.22 Svanhild Rindhølen Gardsteig og Karl Holden 02.07.22 Emilie Meyer Christensen og Zakarias Engel (bur i Danmark)	
	Slidre sokn:	18.06.22 Siri Høyme og Jørjan Dalen Lyngstad (Mo kyrkjeruin) 09.07.22 Kristin Andersskog og Øystein Nicolay Diserud (bur i Holmestrand)	

Stiftinga Torgeir Førs minne

Stiftinga Torgeir Førs minne deler ut midlar til ungdomar som tek kristen utdanning eller går på kristen vidare-gåande skule eller deltek på kristne leifar og kurs. Friviljuge lag og organisasjonar som driv kristent arbeid for born og ungdom kan også søkje. Søkjrarar må vera frå Vang eller Vestre Slidre. Ingen søknadsfrist. Søknad kan sendast til: torgeirforsminne@yahoo.no

MESSELISTE

Dette er den planlagte gudstenestelista. Det kan koma endringar.
Fylg med på kyrkja si nettside og facebookside!

Dato	Dag	Tid	Stad
SEPTEMBER			
11.09	14. s i treeiningstida	11.00	Slidredomen, opning av nytt bårehus/kyrkjestogo.
18.09	15. s i treeiningstida	Frihelg	
25.09	16. s i treeiningstida	11.00	Røn, hausttakkefest og 4 - årsbok
29.09	Mikkelsmesse (torsdag)	16.00	Slidredomen, nye konfirmantar
OKTOBER			
02.10	17. s i treeiningstida	11.00	Slidredomen. presentasjon av nye konfirmantar
09.10	18. s i treeiningstida	11.00	Røn
16.10	19. s i treeiningstida	Frihelg	
23.10	20. s i treeiningstida	11.00	Lomen
30.10	Bots- og bønedag/ Reformasjonsdagen	19.00	Øyjar
NOVEMBER			
06.11	Helgemesse	11.00	Slidredomen
13.11	23. s i treeiningstida	Frihelg	
20.11	Kristi kongedag	11.00	Røn, lys vaken
27.11	1. s i advent	11.00	Lomen
DESEMBER			
04.12	2. s i advent	19.00	Slidredomen, lysmesse med konfirmantar
11.12	3. s. i advent	11.00	Røn
18.12	4. s i advent	Frihelg	

På kvar messe blir det teke opp takkoffer, det blir opplyst kven takkofferet går til.

Gåver til kyrkjebladet frå desember 2020 og 2021

Totalt innkome: 28 200,-, derav 1700,- frå offer. Tusen takk for gåver!

Sigrid og Jon Bråten, Anne Marie og Leif Tvenge, Torstein Bunde Loe, Vigdis og Bjørn Harald Hamre, Kristin Og Olav Riste, Knut Oddvar Berglid, Anne Bjørg og Nils K.Dokken, Jorunn og Bjarne Lome, Annie og Endre Stee, Kirsten Rostbøll, Homme, Anne Berit Strømmen Strand, Anne Marie Gustavsen, Ruth og Odd Steinar Kirkengen, Borgny Lyster, Reidun Sonja Hegge, Ellen og Ola Fosheim, Kari og Oddvin Masdal, Torill Viste, Vibeke Funder, Torbjørg Tvenge, Ingrid og Reidar Haugen, Ruth Marie Røn, Gro og Knut Rudi, Margit Bratvold, Kjellaug Trøen, Vidar Gullhaug, Eivind og Gullik Riste, Laila Hegge, Berit Garvik, Sigrid Rognes, Astrid Olga Bråten, Ingrid og Birger Wangensteen, Kari Volden, Fam. Sørensen, Minda Horge, Marit Kaata, Rønnaug Trøen, Rigmor og Aslag Hamre, Karin Robøle, Ingebjørg Haugene, Anne og Erling Bakken, Ivar Aars, Oddbjørn Nygård, Liv Aarhus, Gerd og Birger Ødegård, Øyvind Magistad Berge, Kari Ulvsløkk Røn, Trine Geicke og Odd Arne Kolbjørnshus (Ved behov forkort til Trine G og Odd A. Kolbjørnshus), Aud og Sigmund Lisjordet, Randi og Endre Røn, Marit Anny Løken,

Johanness Hålien, Kverneggen, Bjørg og Eva Flakstad Trøen, Inger og Endre Bunde, Turid og Ola Berge, Ingebjørg og Magne Moe, Marit og Olle Rosendal, Eli Janne og Per Einang, Anne Lise Hamre Huseby, Kari Torlaug Kvåle, Ivar Hamre, Mari Røn, Synnøve Bråten, Anne Ødegård, Grethe og Andris Stee, Sigrid Ødegård, Per Olav Ødegård, Margit Solveig Nyhagen, Dorthe Marie Høyne, Hans Petter Enger, Nils Dokkehaugen, Odd Jørgen Sørensen, Gunnar Torstein Breivik, Sigrid Stenerud, Ola Riste, Aslaug Batalden, Ola Egge, Kari og Per odd Moe, Torbjørn Øygard, Johan Trygve Stormyren, Aase Sveen, Annvor Kvale, Ole S Skaran, Ole Fylken Olsen, Tove og Jan Martin Hambro, Anne Marit Røn, Nina Grythe, Brita Siri Nesja, Marit E Viste, Anne og Bjørn Viken, Liv og Haldor Ødegård, Britt Ribbing Wikerholmen, Astrid Kvissel, Olav Oddgeir Haugli, Elisabeth Lundemoen, Arnstein Alund, Dagny Kjøs, Hilde Nybråten Berg, Jon Mangschou, Gudrun Gram, Grethe Borgny Myhre, Ingebjørg og Ole høyne, Kristine Tande, Vigdis og Bjørn Harald Hamre.

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret har ope for besøk fra mandag – torsdag fra kl. 09.00 – kl. 15.00.

Det vil vere stengt innimellan pga møter, kurs og befaring – prøv oss då pr. telefon.

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellesråd

Namn	Tlf.	Jobb	Mail
Trygve Rø	47840438	Sokneprest	tr272@kirken.no
Veslemøy Kvamme	48122137	Kyrkjeverje	vk766@kyrkja.no
Geir Kongslien	48237798	Trusopplærar og kontorfullmektig	gk662@kyrkja.no
Jovita Budvytiene	48626468	Organist	jb459@kirken.no
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjetenar i Røn og Lomen sokn Kyrkjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel. Ringar i Slidre Reinhaldar i alle sokna	vladovicmig21@yahoo.com
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn	magskjel@outlook.com
Johanna Fuglesteg	90156613	Klokkar i Slidre sokn	johfugl@gmail.com
Josue Tchami Ndonko	46902865	Kyrkjetenar ved gudsteneste i Slidre sokn	jndontcha@gmail.com
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre	j-ole-b@n2u.no
Einar Lome	99310408	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje	einar.lome@hotmail.com
Odd Jørgen Sørengen	91322796	Kom. valt repr. i Fellesrådet	

**NB! Veslemøy og Geir har fått nye telefonnummer – desse gjeld både på kontoret og når vi er på jobb utanom kontoret!
Privatnummara våre blir ikkje lengre brukt i jobsamanheng!**

Gå inn på nettsidene til kyrkja i Vestre Slidre: <https://kyrkja.no/vestre-slidre>
Her finn du informasjon om alt som har med kyrkja å gjera!



God haust fra redaksjonen!

Sigrun Sørengen, Anne Karin Ruud Truberg, Per Olav Eide,
Johanna Fuglesteg

E-post til kyrkebladet: vskyrkeblad@gmail.com.



Tillykke / Gratulasjonstelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar
Slidre: Coop Slidre
Røn: Kiwi Røn

Overskotet av salet går til trusopplæringa (kristent arbeid blant barn) i prestegjeldet.

Kondolansetetelegram

kan du kjøpe hos:

Lomen: Joker Ryfoss,
soknerådsmedlemmar
Slidre: Coop Slidre
Røn: Lena maskin, Kiwi Røn

Overskotet av salet går til soknerådsarbeidet i kvart sokn i Vestre Slidre.



ASFALT
OG FRESESERVICE AS

Bjørn Einar Rye – 2918 Ulnes

Bjørn Ingår Vistehagen

LASTEBILTRANSPORT

Telefon 99 23 55 75

**Brødrene
Snortheimsmoen**
Graving - Transport - Mobilknusing
Tlf.: 957 26 310 - 917 92 750

**MASKINENTREPENØR
Ola Jørgen Fauske**
Mob: 95 12 43 90
Graving - Sprenging - Planering